



HÆGEBOSTAD KOMMUNE

Saman om ei positiv utvikling

VEDTEKTER FOR BARNEHAGENE I HÆGEBOSTAD KOMMUNE



Vedtatt av kommunestyret 28.02.2019

1. Formål

Barnehagane drives i samsvar med § 1 Lov om barnehagar.

Barnehagane skal drives i samsvar med barnehagelovens bestemmelser, rammeplan og forskrifter, retningslinjer gitt av departementet, samt kommunale vedtak og planer for den enkelte barnehage. Aktiv bruk av omkringliggende tilgjengelige naturområder skal vektleggast i barnehagens lokale planar.

2. Eigarforhold og forvaltning

Barnehagane i Hægebostad eiges og drives av Hægebostad kommune.

Hægebostad kommune er barnehagemyndighet og barnehageeiger.

Formannskapet er politisk styringsorgan for barnehagane.

Enhetsleder for den enkelte barnehage har det administrative ansvaret for barnehagen.

3. Leike- og opphaldsareal

Hægebostad kommune har fastsett at leike- og opphaldsareal skal vere 4 m² per barn over 3 år og 5,3 m² per barn under 3 år.

4. Samarbeidsutval

Kvar barnehage har sitt eige samarbeidsutval bestående av

- 2 medlemmer frå foreldre
- 2 medlemmer frå tilsette
- 1 medlem frå eigar
- Enhetsleder har tale- og forslagsrett

I tillegg skal kvar barnehage ha foreldreråd bestående av alle foreldre/føresette som har barn i barnehagen, jf. Lov om barnehagen § 4.

5. Opptaksrutinar

Søknadsfrist ved hovedopptaket er 1. mars. Barnehageplassane tildeles frå august.

Det tildeles plasser fortløpende elles i året ved ledig kapasitet.

Søknad sendes elektronisk til Hægebostad kommune.

Hægebostad kommune er ein opptakskrets.

Tildeling av plass gjeld til den blir sagt opp eller fram til skulestart.

Endringar i opphaldstid/-dagar blir gjort på same elektroniske søknadsskjema som ved hovedopptaket.

Dersom nokon søker barnehageplass ved hovedopptak, men ynskjer oppstart i løpet av året, må det betales for plassen frå august i og med at opptaket er frå 01.08.

Barn frå andre kommunar må søkje kvart år og får plass dersom det er ledig.

Rett til barnehageplass:

Lovfesta rett til barnehageplass (lov om barnehagar §12a) gjeld bare i hovudopptaket, og då må du søke om plass innan fristen som er satt til 1. mars.

- Barn som er fylt eit år i august har rett til plass frå august. Barn som fyller eit år i september, oktober eller november har rett til plass frå den månaden barnet fyller eit år.
- Barnet må vere busett i Hægebostad kommune når dei byrjar i barnehagen
- Ein må ynskje oppstart i barnehage i august

Opptakskomiteen består av enhetsleder i kvar barnehage og rådmann. Desse har ansvar for hovedopptaket. Enhetsleder for kvar barnehage innstiller til opptakskomiteen og har møte- og uttalerett.

Enhetsleder for kvar barnehage kan innvilge søknader som kjem i løpet av barnehageåret dersom det er ledige plasser i barnehagen.

6. Opptakskriterier

Dersom det er fleire søkjarar enn plasser i barnehagane, skal opptaket foregå etter følgjande kriterier i prioritert rekkefølge:

- a. Barn med nedsett funksjonsevne
Barn det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd
- b. Flyktingar busett i kommunen med rettigheter og plikter i henhold til Introduksjonsloven
- c. 5- åringar (siste år før skulestart)
- d. Søsken
- e. Barn av einslige forsørgjarar

Ved tildeling av plass blir søkarar som ikkje har fått tildelt sitt 1. ønske og takket ja til 2. ønske prioritert føre nye søkarar, med unntak av punkt 1 i den prioriterte rekkjefølgja.

Barnehageplass tildeles frå og med tilbydt oppstartsdato og ut barnehageåret det året barnet begynner på skole.

Rett til grunngjeving/klagerett

Søkarar som ikkje får barnehageplass som søkt om kan krevje ei skriftleg grunngjeving på kvifor. Klage på avslag eller ufullstendig oppfylling av ønske skal sendes skriftleg til Hægebostad kommune. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet vedkommande søker har motteke svar om barnehageplass.

For klager gjeld Forvaltningsloven §§ 28 og 36 og Lov om barnehagar § 13.

7. Opningstider

Alle vekedagar kl. 06.45-16.30.

Det tilbys minimum 2 dagar < 2 år og 3 dagar >2 år. Der det søkes om 2 dagars tilbod gjeld det ut det barnehageåret barnet fyllar 2 år.

Barnehagane er stengd julaften og nyttårsaften.

Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12.00

8. For sein henting

Det vil bli gjeve eit gebyr på kr. 300,- dersom barnet blir henta etter barnehagens opningstid. Fyrste gong dette skjer vil det bli gjeve eit munnleg varsel. Ved gjentatt overskridelse av opphaldstida sendes det ut eit skriftleg varsel. Deretter vil det bli fakturert eit gebyr på kr. 300,- per gong.

9. Ferier

Det er fleksibel ferieavvikling frå og med veke 26 til og med veke 31. Barnehagane er stengd i veke 28 og 29. Alle barn må i løpet av desse vekene ha minimum 4 veker samanhengande ferie. Frist for å melde frå om når barnet skal vere borte frå barnehagen desse vekene er satt til 1. april. Dersom fristen ikkje blir holdt kan enhetsleder i barnehagen ta ut barnet dei vekene det er best for barnehagen. Det må vere fleire en 4 born til saman i begge barnehagane for at barnehagen skal kunne halde open desse vekene. Dersom det er færre enn 3 barn i ein av barnehagane vil barna bli samla.

Oppstart av nytt barnehageår er etter ferieavvikling, frå veke 32.

10. Planleggingsdagar

Barnehagane har 5 planleggingsdagar i året. Barnehagane er då stengd. Det blir ikkje gjeve betalingsfråtrekk for desse dagane.

11. Oppseiing av plass i barnehage

Det er ein månads oppseiingsfrist for barn som har byrja i barnehagen, gjeldande frå den 1. i påfølgjande månad. Dersom plassen seies opp etter 1. april må det betalast ut barnehageåret (juni månad). Oppseiinga må sendast skriftleg til den barnehagen det gjeld eller sendes elektronisk på eige skjema.

Skulle det oppstå endra forhold etter at det er sagt ja til barnehageplass må plassen seies opp innan 1. juni. Dersom dette ikkje blir gjort må det betalas for august månad.

12. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastsetter betalingssatsar og regler om foreldrebetaling.

Kostpengar kjem i tillegg. Satsen for kostpengar blir fastsatt av Samarbeidsutvalet i den enkelte barnehage.

Moderasjonsordingar

Ingen husholdningar skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si på ein barnehageplass. Inntekta skal bereknast etter skattepliktig kapital- og personinntekt. Det søkes om reduksjon i foreldrebetaling for eit år om gonga.

Alle 3, 4- og 5-åringar, og barn med utsatt skulestart, som bur i husholdningar med ei samla personinntekt som er under ei inntektsgrense fastsatt av Stortinget, har rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke.

(Jf. Forskrift om foreldrebetalingar i barnehagar §3)

Det er moglegheit for å kjøpe ekstra dagar, dersom det er ledig plass i barnehagen, til ein fastsatt dagspris som blir vedtatt av Kommunestyret.

13. Mislighald av foreldrebetaling

Ved mislighald av foreldrebetaling i meir enn to månader vil det kome ein skriftlig advarsel frå barnehagen om at barnehageplassen fell bort dersom det ikkje blir betalt i løpet av oppgjeven frist. Oppseiingstida er 14 dagar frå den dagen oppseiinga blir postlagt. Dersom foreldrebetalinga ikkje er betalt innan 1. august i nytt barnehageår vil ikkje plassen bli fornya. Det er enhetsleder som gje vedtak om oppseiinga.

14. Forsikring

Barna er ulykkesforsikra i den ordinære barnehagetida, men ikkje på veg til og frå barnehage og bustad.

15. Helsekontroll

Etter Lov om barnehagar § 23 skal helseattest føreligge før barnet kan starte i barnehagen. Ved vesentlige endringar i barnets helsetilstand i løpet av tida barnet er i barnehagen er det føresette si plikt å opplyse barnehagen skriftleg om dette. Personalet i barnehagane er pliktig til å gjennomføre tuberkulosekontroll i samsvar med gjeldande regelverk.

16. Internkontroll

Barnehagane følgjer kommunen sine rutinar for internkontroll.

17. Teie-/opplysningsplikt

Alle som arbeider eller utfører teneste i barnehagen har teieplikt, jf. Lov om barnehagar § 20. Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta jf. Lov om barnehagar § 21 og § 22.

18. Politiattest

Den som skal arbeide i barnehagen må leggje fram tilfredsstillande politiattest, jf. Lov om barnehagar § 19.

19. Spesialpedagogisk hjelp

Barn under skolepliktig alder har rett til har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlig behov for det jfr barnehageloven §19.

20. Endringar av vedtektene

Endringar i vedtektene kan bare bli gjort av Kommunestyret.

